

Norsk Landbruksrådgiving Vest Sa  
Postboks 197  
6821 SANDANE

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/693 - 23/26586

Saksbehandlar:  
Laila Bjørge  
laila.bjorge@alver.kommune.no

Dato:  
05.04.2023

## Svar på søknad om kommunalt tilskot 2023

**Administrativt vedtak: Saknr: 370/23**

### VEDTAK:

**Alver kommune løyver kr 25.000 i driftsstøtte for 2023 til Norsk Landbruksrådgiving Vest SA.**

**Det vert sett som vilkår for løyvinga at landbruksavdelinga i Alver kommune kan nytta NLR Vest til eiga kompetanseheving innanfor løyvd sum.**

**Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga under.**

**Tilskottet vert dekka av konto: 1 4700 teneste 3290 ansvar 7130 og vert utbetalt til kontonummer 3705 31 31 922**

### Saka gjeld

Norsk Landbruksrådgiving Vest SA søker om kommunal driftsstøtte for 2023 i søknad datert 20.01.2023. NLR er ein medlemorganisasjon og i snitt er 65 % av dei bøndene som søker produksjonstilskot er medlem.

Norsk Landbruksrådgiving er ein viktig aktør for landbruket innan rådgjeving, kursverksemd, informasjonsarbeid generelt og kunnskapsutvikling.

**NLR Vest skriv i søknaden:** at dei ynskjer å utvikle samarbeidet med kommunane, for å styrke landbruksnæringa og arbeidsplassane knytt til landbruket. Tilskot gjev oss moglegheit til å finansiere informasjons- og utviklingsarbeid, til nytte for heile landbruket. Dette arbeidet er vanskeleg å finansiere fullt ut med andre midlar. NLR Vest sine møte, markdagar og kurs er opne for alle og vi vonar kommunen ser nytten av arbeidet landbruksrådgivinga utfører.

### Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug  
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no  
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559  
Organisasjonsnummer: 920 290 922

## I søknaden trekkjer dei fram viktige satsingsområde for 2023

- digitale webinar, fagmøte og kurs, opne for alle og lett tilgjengeleg for dei fleste.
- NLR Fyrsteråd klima – som har fokus på klimatiltak og klimakalkulator
- Gjødselrådgiving i samband med stort prishopp på gjødsel og energi
- Bøndene møter mange offentlege krav og NLR vil gje gode råd slik at bonden handlar i tråd med dei forskrifter og lover som gjeld t.d spreieareal, kantsoner mot vassdrag.
- Bønder i krise – spesialkompetanse på helse, miljø og tryggleik
- Bedriftsetablering og nyetablering i landbruket
- Informasjon, medlemsskriv, podcast m.m
- Tilbod til ikkje medlemmar, kommunar m.m

### **VURDERING:**

NLR Vest gjer ein viktig jobb for bøndene og er dei fremste fagrådgjevarane me har på sine felt.

Det er viktig å gje driftsstøtta for å sikra eit godt rådgjevingstilbod for landbruket. Spesielt i tida med klimaendringar, svak økonomi og nye gjødselkrav på trappene er det viktig med eit velfungerande rådgivningsapparat.

Alver kommune ynskjer å ha ein tett dialog med NLR Vest til det beste for landbruket i regionen vår. Både gjennom direkte formidling til bonden, men også gjennom kunnskapsheving innan jord- og plantekultur for oss tilsette ved landbruksavdelinga i kommunen .

I 2022 arrangerte landbrukskontoret saman med NLR markdag om beitestell for nye bønder. Kommunen har fått løyvd midlar til å laga film om lyssiv og grøfting og dette ynskjer ein å gjera i samarbeid med NLR.

Alver kommune v/Landbruksavdelinga ser fram til vidare samarbeid i 2023.

### **Konklusjon**

Alver kommune meiner at NLR Vest SA gjer ein viktig jobb for landbruket i kommunen og vil gje kr 25 000 i driftsstøtte for 2023

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: «ArkivSakID»

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Landbruk

Siril Sylta  
Tenesteleiar

Laila Bjørge  
Avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Norsk Landbruksrådgiving Vest Sa

Postboks 197

6821 SANDANE